



HUBB og Brazzooka var tilsaman eit kraftfullt orkester

For første gong hadde HUBB som står for Hordaland Ungdoms Brass Band samling i Uskedalen og den vart ein skikkeleg suksess med ein avslutningskonsert som verkeleg løfta taket!

Sidan dette fine tiltaket for talentfulle ungdommar starta for 6 år sidan har det vore 22 slike samlingar og denne låg ikkje noko etter dei andre.



Lokale deltakarar: Birgitte Hjelmeland, Kaja Døssland, Lene Storevik Myklebust, Vegard Døssland og Eirin Kjærland Rørheim. Bjørn Naterstad var igang med lydprøver då biletet vart teke.

Også Uskedalen var solid representert blant deltakarane, som var i overkant av 30. Dei som var med var Birgitte Hjelmeland, Kaja Døssland, Lene Storevik Myklebust, Bjørn Naterstad, Vegard Døssland, og Eirin Rørheim Kjærland . Også Sindre Aksnes skulle ha vore med, men han vart sjuk.

Brazzooka har også med og dei to banda var tilsaman eit kraftfullt orkester, dyktig leia av Paul Magne Austnes-Underhaug.

Far og mor for dette tiltaket, som samlar deltakarar frå skulemusikken i heile fylket er Kjersti Pisani og Ole Johan Aarlie frå Bergen og dei fekk sin fortente applaus i Aktivitetshuset.

Vi kjem att med ein fyldigare omtale av samling og konsert.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mor og far til HUBB fekk sin fortente applaus: Kjersti Pisani og Ole Johan Aarlie